

Nulltoleranse mot mobbing - nytt regelverk om skulemiljø

Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjer helse, trivsel og læring.

Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.



Skulen skal

- følge med på at elevane har det trygt og godt på skulen
- gripe inn og stoppe det med ein gong, viss muleg
- seie ifrå til rektor
- undersøkje det som har skjedd
- lage ein plan med tiltak

Viss ein elev opplever å bli mobba eller krenka av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å følge opp saka.



Aktivitetsplikt

- Erstattar tidlegare «Enkeltvedtak» *
- Aktivitetsplikt:
 1. Følgje med, vere årvakne!
 2. Gripe inn! (i akuttsituasjonar)
 3. Varsle! Rektor skal vite kva som rører seg på skulen
 4. Undersøkje (t.d. Elevundersøkinga, sosiogram, samtale med elev, eigne observasjonar)
 5. Setje inn tiltak
- Aktivitetsplikta må dokumenterast
- Tiltaksplikt: så lenge eleven opplever ubehag

*Nokre saker krev framleis enkeltvedtak, t.d. bortvising og skulebyte.

Melde saka til fylkesmannen

Viss du meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenkingar, kan du melde saka til fylkesmannen.

- Først må du ha teke opp saken med rektor på skulen.
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor.
- Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen eleven går på no.
- Er det heilt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med fylkesmannen.

Fylkesmannen skal finne ut om skulen har gjort jobben sin, og bestemme kva skulen skal gjere for at eleven får det trygt og godt på skulen.



Nullmobbing.no

På nullmobbing.no finn du informasjon om

- kva for rettar elevar og foreldre har
- kva ein kan gjere viss ein opplever mobbing
- kven ein kan ta kontakt med
- korleis melde frå om mobbing



NULLMOBBING

DU HAR RETT TIL Å HA DET BRA

.NO



Utdanningsdirektoratet